

MØTEBOK SOKNERÅDSMØTE

I MOSTER KYRKJE 23/01-2018 KL.20:00.

Disse møtte:

Faste medlemmer: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre.

2. Vara: Magnhild Nøstbakken

Sak 1 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 21.11.17 og 27.11.17

Ingen merknader. Møtebøker godkjende.

Sak 2 – 2018 Evaluering gudstenester og anna i des. 2017

Forslag om forsongarar framme på julegudstenestene. T.d. team frå bedehuset, slik at allsongen vert betre

Sak 3 – 2018 Kort samtale om aktuelle saker etter samling med medarbeidarar.

Viktig med bønn og arbeid. Det vart snakka om korleis ein kan gjere dette i bønnegrupper/cellegrupper. Skal ein lufte dette i etablerte grupper, eller starte eigne grupper? Soknerådet vil ta dette opp på årsmøtet og samrådsmøtet. Gunvald vil snakke om ansvaret for å delta på gudstenester på komande årsmøte.

Sak 4 – 2018 Konfirmantfest 2018

Førebuande drøfting og oppgåvefordeling.

Programkomité: Aksel, Per Harald, Berit

Sak 5 – 2018 Forslag til årsmelding 2017

Forslag til årsmelding for 2017 vart lagd fram. Forslaget vart gjennomgått, og små korrigeringar og justeringar vart gjort.

(Godkjenning, opprustning av preikestol og tekstilar vert eiga sak på neste soknerådsmøte.)

Sak 6 – 2018 Rekneskap 2017 og budsjett 2018 – forslag

Gjennomgong av budsjett for 2018. Korrigeringar vart gjort.

Gjennomgang av rekneskap, 4. kvartal 2017:

Rekneskapen er tatt til vitande. Årsoverskotet vert litt nedjustert på grunn av årsoppgjørsposteringar.

Gåver på kr. 7000 kroner frå Arbeidsstova på servicesenteret på Moster skal overførast til eige fond for kyrkjetekstilar

Sak 7 – 2018 Kyrkjelyden sitt årsmøte 15.03.2018

Vedtak: Kyrkjelyden sitt årsmøtt vert i kyrkja som tidlegare. Årsmøtet vert lagt med ein bibeltime fyrst, deretter ein liten pause og så årsmøte – total tidsramme 2,5 t.

Dag og tid: Torsdag 15. mars kl. 1900 -21.30

Oppgåvefordeling:

Bibeltime: Aksel

Leiing bibeltime: Gunnvald

Ansvar for kaffi/te etc: Berit og Bente

Tilordning av bord etc: Fleire

Litt pynting: Berit

Årsmøteleiing og gjennomgang av årsmelding 2017: Elin

Gjennomgang av rekneskap 2017: Inger Marie

Gjennomgang av budsjett 2018: Inger Marie

Referat frå årsmøte: Per Harald

Avslutning bibeltime/årsmøte: Rune

Sak 8 – 2018 Tur til London som trusopplæringstiltak.

Mona Ingvaldsen Hodne forlét møtet før saka vart handsama.

Soknepresten orienterte.

Vedtak: Soknerådet burde fått informasjon om dette tidlegare, så me kunne tatt stilling til turen då. Soknerådet ser at dette kan verte dyrt for einskilde foreldre. Kyrkja bør ikkje vere kostnadsdrivande. Dette er også ei endring i trusopplæringsplanen som er så stor, at me burde vore involvert på eit mykje tidlegare tidspunkt. No er prosessen kome så langt at soknerådet kjenner seg nøydd til å godta det, på tross av det me har sagt ovanfor.

Sak 9 – 2018 Seminar kyrkja og næringslivet 21.mars:

Søknad om økonomisk støtte.

Moster Sokneråd vedtek å gi 1000 kroner i økonomisk støtte.

Sak 10 – 2018 Referat og meldingar

*Info frå fellesrådet:

Fellesrådet stiller spørsmål om Moster Sokneråd har mynde til å opprette ein orgelkomite. Moster sokneråd stiller seg undrande til at Fellesrådet tek opp dette no, når dette har vore offentleg i referat sidan tidleg i haust. (september.) Dessutan har det vore presedens frå Lykling og Bømlo at sokneråda har oppretta eigne orgelkomitear.

*Frå prosten si nyårssamling:

Fin samling.

*Svar frå biskopen vedrørande soknemøte i Moster sokn i liturgisaka:

-Aksel Lygre leste svar frå biskopen i liturgisaka. Biskopen er samd med kyrkjemøtet og meiner Moster Sokneråd si forståing av kven som kan vedta bruk av ny liturgi er feil. Soknerådet tek svaret til vitande.

*Orgelkomiteen:

Skal ha første møte den 25.01.2018. Formann og sekretær må veljast, mandat må gjennomgåast, og progresjonen vidare må diskuterast.

*Annan informasjon/meldingar frå leiar, sokneprest eller andre:

I mars kjem det besøk frå Estland. Uvisst kva helg. To vaksne og to ungdommar kjem. Soknerådet vil vere del av vertskapet.

Sak 11–2018 Ymse

Varmepumpe må reparerast. Melding om det er gjeven.

Ein må purre til vikarierande kyrkjevevje.

Per Harald Gjerde

Skrivar